Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 80

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hattfjelldal

Emne: Folkemedisin

Bygdelag.

Oppskr. av: M. Bakken

Gard:

(adresse): Hattfjelldal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp.

1. Skilnaden er truleg mest forhalla som folk levde. Under fyrr og no, no har folk vegar, telefon, post og telegraf og lækjarar i kvar ei bygd, det hadde dei ikkje før. Før måtte dei strева og bala om dei mange gonger var både sjuke og skrale; no er det berre å taka det med ro og søkja doktor når det er noko som feilar.
Så hardføre kvita før og no blir vanskeleg å seia noko om.

2. I lengre tid har folk visst om mange smittsame sjukdomar som t.d. „tæring", „kreftа", „kjåmtasko" og „førkjølels". Og dei hadde ymse heimeråder mot desse sjukdomane, som t.d. å eta „tjæra", tygge „einbær" og „tivebær", til vern mot smitten.

3. Mot brannsår brukte dei

15670

sp. svar.

3. sükker, salt, råpotetskivor eller kokte eggskivor, alle desse rådene lykte dei lindra verken. Mot frostskade var brennevin mykkje nytta. ~~Innf~~ Influensa kurerte dei med „pepar" og kamferbrennevin. På sår la dei på grorblad eller kvaesalve. Om sümaren med dei fann ferske og friske grorblad var desse mest brükt, og om vinteren var det mest blank-seig grankvae som vart brükt. Mot kikhoste var kokt lökmjölk eit bra middel.

4. Av slike heimeråder hadde dei gjarne eit lite forråd på dei fleste gardane.

5. Presten pla som vanleg ha eit lite hüsapotek, og i sume tilfelle tydde nok folk til han. Fyrr i tida hadde dei ikkje jordmor på landsbygda, det var berre tiltaksame kjeringar som hadde den jobben, „krafskjerringa" vart dei kalla.

6. Kvae eller „kvoda" vart brükt som sårsalve. Tjöre eller „tjara" var mest som ein üniversalmedisin som var mykkje brükt både til folk og dyr, både til innvortes og ütvortes brük.

15670

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sp. svar.

6. Særleg folk med ~~brystsjuke~~ brystsjuke skulle eta mykkje „tjæra."
og ein skulle gje dyra „tjæra"
for at dei skulle halda seg
friske. Likeins brukte dei tjærefillor
til å binda på lemer som var
skadde av forstuvningar eller
„brank" bådde til folk og dyr.

7. Teriak var ikkje kjent her
fyr den kom i handelen.
og han var nok ein svær medisin
mot hoste og halssjuke.

8. „Düvelsdrekk" var nok godt
kjent som medisin bådde
til folk og dyr; men det
var helst omreisande kvaksalvarar
som kunne miksa til den,
så det er ikkje råd å få
greide på kva han var laga av.

9.-10. Dei plantar, røter og bær.
som dei brukte til medisin
var som regel kjent av alle
vaksne på garden. og vart
innsamla av kven som helst.
men det var helst husfarin
eller eit eldre kvinnfolk som
tok vare på og gøymde slikt.

" Sidan ein kom igang med
lekjarar og apotek vart det
meir og meir slutt med heimerådene.
Då gjekk ein meir og meir over
til å ha eit lite husapotek ~~av~~ med apotekvaror.

15670
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp. Svar.

12. Giktringar og elektriske belter må ein vel seia høyrer den seinare tid til, og har nok vore mykkje brüka her.

13 Dei gamle hüsrådene var nok miksa til etter münnleg lerdom fra mann til mann.

14 Prenta skrifter og lækjarbøker var ei god rettesnor, og dei fåe som hadde slike, hadde mykkje å lera frå seg. Slike bøker og skrifter gjekk som regel ünner namnet til den som hadde skrive dei, som t.d. („Kneip", „Ølvik," no i den seinare tid.)

15. Har visst gjeve slike opplysingar før. Likeins om bygdelækjarar. Omstrøfande jüksedoktrar eller kvaksalvarar har det reke süme av her i bygda. (både Norske og Svenske.) Og det hendte at ein og annan av dei av og til verkeleg slümpa til å kürera folk.
Av gras, røtter og bær som dei brükte kann eg nemna süme som t.d. „Jüklauv," „karve", „groblad." „Kjerringråkk." „brennesla," „asplauv," „einbær," „tivebær" „hüggbork." „hesthov," „kvannrot," „skjetrot," og „einbær," tivebær og blåbær.
Vidare „honning," „tjøra" og salt.
alt dette vart brükt som medisin for ymse sjükdomar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
15670